# MENIGHETSBLADET

01 - 2025

KLEPP

FRØYLAND OG ORSTAD

ORRE

BORE



EF. 2, 8-9:

FOR AV NÅDE ER DE FRELSTE, VED TRU. DET ER IKKJE DYKKAR EIGE VERK, DET ER GUDS GÅVE. OG DET KVILER IKKJE PÅ GJERNINGAR, SÅ INGEN SKAL SKRYTA AV SEG SJØLV.

MB

Organ for sokna i Klepp kyrkjelege fellesråd.
Kjem ut 4 gonger i året.

**Redaksjonskomité:**
Kari Haavardsholm - kontaktperson
Astrid Voll
Ståle Ravndal
Elin Anita Garpestad

**Layout-ansvarlig:**
Linda Aanestad Haugland

**Framsida: Sterk og stødig, sjå meir s.8**

**Trykk:**
Olsson as

**Postadresse:**
Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

**Telefon:** 51 78 95 55

**E-post:** menighetsbladet@klepp-kirken.no

**Bankgiro: 3290.07.02239**

**Vippsnummer: 810948**

## Utgivelser i 2025

| Nr. | Stoff-frist | Utgivelse |
|---|---|---|
| 2 | 29.04. | 29.05 |
| 3 | 26.08. | 23.09. |
| 4 | 28.10. | 27.11. |

Med forbehold om ledig plass.

**Stoff-fristen må overhaldas!**

## Mail-adresser:

**menighetsbladet@klepp-kirken.no**
51 78 95 55

**Kari Haavardsholm,** 992 66 752
kontor@klepp-kirken.no

**Astrid Voll,** 924 63 073
astrid.voll@outlook.com

**Ståle Ravndal,** 928 90 335
stale.ravndal@gmail.com

**Elin Anita Garpestad,** 951 44 099
eagarpes@online.no

# KONTAKTLISTE
# KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

## KLEPP, ORRE OG BORE KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4350 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55

**Kontortider:**
Måndag til torsdag: 10.00 - 13.00
Fredag: Stengt
Elles etter avtale

**Tilsette kyrkjekontoret:**

| | |
|---|---|
| Kyrkjeverge, Arvid Kaspersen | 401 57 641 |
| Sekretær, Kari Haavardsholm | 992 66 752 |
| Sekretær, Ingunn D Aandal | 924 19 934 |
| Diakonimedarbeider (vikar), Ruth Bråtveit | 472 59 486 |

**Klepp sokn:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Just Salvesen | 410 04 692 |
| Dagleg leiar, Hilde N. Djønne | 481 25 450 |
| Sekretær, Ingunn D. Aandal | 924 19 934 |
| Kantor, Ola Sotnakk | 919 24 158 |
| Trusopplærar, Anette Dagfinrud Thorset | 919 21 631 |
| Trusopplærar, Andrea Bjørkavoll-Bergseth | 414 53 395 |
| Kyrkjetenar, Ketil Terning | 900 35 471 |
| Kyrkjelydsarbeidar, Karoline Undheim | 922 55 478 |

**Orre sokn:**

| | |
|---|---|
| Fungerande sokneprest, Gunther Theiss | 474 53 243 |
| Menighetspedagog, Erik Gjerdahl | 401 78 345 |
| Dagleg leiar, Hilde N. Djønne | 481 25 450 |
| Organist, Arne Hadland | |
| Administrasjonsmedarbeidar, Karoline Undheim | 922 55 478 |
| Ungdomsarbeidar, Karl Ørbeck Dächert | 991 56 865 |

**Bore sokn:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Ivan Fjeld | 948 69 841 |
| Dagleg leiar, Hilde Kalvatn Eikeland | 480 36 029 |
| Sekretær, Kari Haavardsholm | 992 66 752 |
| Organist, Elin Underhaug Kanu | 909 45 278 |
| Menighetspedag, Anette Dagfinrud Thorset | 919 21 631 |
| Trusopplærar, Jarle Stokka | 992 24 654 |
| Forbønstenesta i Bore: Andrine K. Homme | 909 76 477 |

## FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4353 Klepp stasjon
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Morgan Fjelde | 489 97 108 |
| Seniorpastor, Per Larsen | 454 80 788 |
| Dagleg leiar, Marita Teigen Gamlemshaug | 938 37 283 |
| Musikalsk leiar / trusopplærar Inger Lende Sandve | 918 40 797 |
| Driftsleiar, Geir Ådne Vestvik | 928 56 689 |
| Ungdomspastor, Elisa Omdal | 454 60 727 |
| Barne- og familiepastor (vikar), Edel Egeland | 454 03 891 |

Menighetspedagogens **HJØRNE**

# Nærmere og Videre

***«Gå derfor og gjør alle folkeslag til disipler, døp dem til Faderens og Sønnens og Den Hellige Ånds navn, og lær dem å holde alt det jeg har befalt dere.»*** (Matt 28:18-20)

Da jeg gikk på misjonsskolen Gå Ut Senteret, ble skolens verdier **Nærmere og Videre** et sterkt fundament for mitt kall og min tjeneste. Disse verdiene speiler essensen av Jesu siste tale til disiplene. Oppdraget er fortsatt det samme i dag! Evangeliet rører hjerter og forandrer liv, selv i 2024.

Livet med Jesus er mer enn læresetninger og tom tilbedelse. Jesus kaller oss til et liv nærmere ham. Gjennom bønn, Bibelen og fellesskap med andre kristne kommer vi nærmere ham som møter og elsker alle mennesker. Å leve nærmere Jesus kan være krevende, for det utfordrer oss til å legge bort våre egne ønsker og stole på ham.

Når vi kommer nærmere Gud, sender han oss videre i tjeneste. Misjonsbefalingen utfordrer oss til å gå utover våre egne grenser – geografisk, kulturelt og personlig. Å gå videre betyr å ta Guds kjærlighet og evangelium til mennesker som ennå ikke har hørt det. Det handler ikke bare om å dele troen med ord, men også om å vise Guds kjærlighet gjennom praktiske handlinger. Det kan være krevende å balansere nærhet til Gud med tjeneste for andre, men vi går ikke alene. Jesus har lovet: ***«Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.»*** (Matt 28:20).

Som kristne kan vi lett glemme at vårt første kall er å leve nærmere Gud. Hvor utfordrer Gud oss til å gå videre? Ofte kolliderer Guds kall med våre egne ønsker om hvor vi helst vil gå. Noen steder ønsker vi kanskje å slippe å gå. Det er ydmykende å tenke på dem som har formet min tro – og samtidig vite at jeg kan være en del av andres trosreise.

Nylig møtte jeg en ungdomskamerat. Han hadde falt utenfor arbeidslivet og begynt å ruse seg, men var nå på vei ut av avhengigheten. Han sa: ***«Det er riktig alt det du sa, det som kirka sto for.»*** Han ville gjort hva som helst for å kunne gå tilbake og forandre deler av livet sitt. Men vi kan ikke gå tilbake – bare frem. Jesus kaller oss videre. Han kan vende enhver mørk situasjon til noe bedre. Jesus kaller mennesker, og jeg kan få være en del av det. Noen ganger er det små ting – et varmt blikk, en utstrakt hånd – som kan gjøre en stor forskjell.

Kirken er alle troende, ikke bare dem vi ser i kirkerommet. Noen tror mye, andre litt, men mange søker. Jeg opplever ofte at folk sier: 'Jeg har begynt å tro litt' eller 'Jeg tror ikke, men ønsker forbønn. Den Hellige Ånd veiledet de første disiplene og gjør det samme i dag. Ånden gir styrke og forvandler oss til Jesu etterfølgere. Jeg opplever denne ledelsen, men ser den kanskje best i andres liv.

Jeg møter mange som er nysgjerrige på å begynne å tro – bare litt. Av og til tror jeg vi kristne kan oppleves som en hindring for mennesker i begynnelsen av deres trosreise. Noen ganger må vi kanskje flytte oss til siden, andre ganger blir vi invitert med på en del av veien.

Jesus kaller alle til å gå nærmere og videre. På den måten kan vi oppfylle hans kall til å gjøre alle folkeslag til disipler – nærmere ham, og videre ut i verden.

I dag ber jeg bønnen:

***"Herre, hjelp meg å komme nærmere deg, slik at jeg kan gå videre i din tjeneste. Vis meg hvor du sender meg, og gi meg mot til å gå. Amen."***

Jarle Stokka,
menighetspedagog



# Ønskjer du nokon å snakka med?



## Du er velkomen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

**Sokneprest**, Just Salvesen (Klepp) - Tlf. **410 04 692**

**Sokneprest**, Ivan Fjeld (Bore) - Tlf. **948 69 841**

**Sokneprest**, Gunther Theiss (Orre) - Tlf. **474 53 243**

**Sokneprest**, Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad) - Tlf. **489 97 108**

**Diakonimedarbeider**, Ruth Bråtvelt - Tlf. **472 59 486**

# Konfirmantar

## Klepp

**3. mai kl. 11.00 (14 stk)**

Alvin Solheim Borgen
Anny Maria Torvund
Cassandra Skogen
Eline Bore
Else Erevik Baer-Olsen
Eskil Folkvord Håland
Marina Høie
Marita Rosland
Nadia Lipinska
Nicholas Erevik
Ole Isac Opsal
Tiril Horpestad Haver
Tobie Håland-Høiland
Vilde Malene Vigre Stangeland

**3. mai kl. 12.30 (14 stk)**

Adrian Mikalsen Salte
Alvira Tjøtta
Davidas Siugzda
Dina Sjursen
Eivind Staveland
Ella Samnøy
Ella Tjessem Fjeldskår
Gurine Todnem
Kacper Mikolaj Krol
Markus Rugland Hatteland
Martine Rugland Hatteland
Oskar Friestad Bergseth Sikkeland
Sandra Hageland
Søren Braut

**3. mai kl. 14.00 (11 stk)**

Alina Vinterstø
Fride Kristine Gravdal
Linni Håland Homme
Marie Lothe
Marius Tronstad Haukås
Nicolai Søyland
Regine Erås Lorentzen
Sebastian Nysæter Dyrli
Selena Edland
Theodor Tobiassen
Viktor Bjørnevold Ruud

**4. mai kl. 11.00 (13 stk)**

Adrian Sævareid
Casandra Bjerkestrand
Eivind Hellum
Emma Lykke Lye Hodne
Julie Erga
Kristine Kvile Vikshåland
Lilly Eide Sondresen
Maja Seldal
Marthe Mæle Storhaug
Olav André Anda
Sina Frøyland Lea
Tobias Horpestad
Vanessa Marie Gjerde Refsland

**4. mai kl. 13.00 (7 stk)**

Edmund Hatteland
Emilie Vignes
Emily Mossige Lønne
Mathias Klepp Bergsagel
May Kathrin Vestvik
Rose Eline Vignes Anda
Thea Rebekka Bjørkavoll-Bergseth

**10. mai kl. 11.00 (13 stk)**

Amalie Vårdal Viggen
Andreas Hatlevik Hult
Aron Kverme Malmin
Ine Storhaug
Jenny Hove
Leon Ellefsen
Luke Schei
Markus Noraberg
Martine Øvstebø Skogen
Mathias Dahlen Bore
Mira Chanel Fedreheim
Thea Melby
William Karlsen Sande

**10. mai kl. 13.00 (12 stk)**

Aksel Ueland
Einar Helland Nydal
Elise Turner
Fay Elena Hetland Hauge
Leander-Olay Opstad
Martine Pedersen
Noah Søyland Andersen
Olve Mossige
Sandra Bilstad Ask
Serina Viktoria Anda
Simone Karlstad Årdal
Tom Gabriel Villa Hadland

## Bore

**3. mai kl 11.15**

Tobias Bore
Magnus Haavardsholm
Vetle Jonassen
Gutu Eliyas Kongo
Mina Eik Kroknes
Marius Kulleseid
Emilie Serigstad
Jesper Topnes

**3. mai kl 12.30**

Fredrik Byberg
Daniel Usken Einarsen
Sofie Våga Ellingsen
Rakel Serigstad Fossen
Mathea Gimre
Noah Knutsen
David Tristan Steinnes
Halvor Voll-Utsogn
Amalie Tjelta Øvretveit

**26. april kl 11.15**

Eira Figved Byberg
Bent Alexander Finnestad Li
Jone Haraldsen
Mari Haugstad
Tarald Hovet
Therese Hovet
Morgan Jakobsen
Otilie Johannesen-Wiik
Thea Tønnessen Pollestad
Sandra Skårland Stangeland
Matias Sunde

**26. april kl 12.30**

Ane Auestad Bratteli
Mari Horpestad Hansen
Tiril Hodne Håland
Marcus Lea Vatne
Alexander Skjæveland
Sondre Lunde Soma
Line Lavik Svendsen
Liam Thu
Daniel Ødegård

# 2025

## Orre

**4.mai kl 11.00:**

Ada Løge Salte
Alma Skauvik
Anastasia Olsen
Anna Mossige
Didrik Gulliksen Langeland
Hanna Salte
Harley Salte
Håvard Tjessem Holta
Kasper Øgård
Leo Aase
Liv Lotta Aase
Matas Begrauskas
Maya Dina Amin
Michelle Lokøy
Nicklas Serigstad
Snorre Refsnes
Thore Erga
Tomine Bjorland

## Frøyland og Orstad

**Laurdag 10.mai kl.11.00**

Ankita Nesvåg Lode
Anna Kvarme
Benjamin Grasveit
Ellinor Nisja Heskestad
Emma Røsand
Emine Nereng
Gabriel Engelsvoll Surdal
Hanna Vatland
Helena Tollefsen
Håkon Slettedal
Isabella Haugseng Antonsen
Kristian Rosvoll
Kristian Bratland Tuasuun
Linnea Dahle Mæland
Linnea Handeland Mæland
Ludvik Landro-Eie
Lukas Aarsland Nagelhus
Malena Ueland
Marielle Mestad Eriksen
Peder Meisland
Peter Haarr
Sigrid Johanne Dahlstrøm Skjæveland
Sunniva Hjorteland
Sverre Marinius Hanssen
Thea Lura
Thea Gramstad
William Leo Thomas

**Laurdag 10.mai kl.13.00**

Adrian Thormodsæter Hauge
Alva Krogedal Askø
Christian Gudmestad
Erica Sømme
Evald Traa
Iselilja Haga
Jøran Engstrøm Sletta
Kristian Magnus Almås
Linus Carlsen
Livia Totland-Løvas
Loke Kvia Anfinnsen
Maja Bakka Kulleseid
Mari Viktoria Thu
Marie Hadland Engan
Mathilde Aasgård
Niklas Tveit Andreassen
Oskar Robberstad
Rikke Fuglestad Edland
Ronja Simone Wilson
Roy Heggelund
Synne Brueland Simonsen
Thilde Navrud Helland
Thomas Gøtterup
Thomas Hagen Kråkenes
Vilja Evangelille Åsebø-Trodal
William Elkrem Nordmark

**Søndag 11.mai kl.10.30**

Adrian Tjessem Thu
Elida Egeland Berg
Gregers Hagerup Gjesteland
Ida Skartland Herredsvela
Imre Kokes
Ingrid Alida Møllerup Fuglevik
Iver Husveg Nerheim
Jarand Bruntveit Austli
Julie Rosalinn Søyland
Kassandra Bjerga
Lucas Auestad
Lucas Andrés Skulbru Fjogstad
Madelen Tornes Kydland
Mattias Johannes Forsberg Askeland
Noah Emil Vik
Renate Øverland
Ronja Husebø
Sander Aarre
Sebastian Knoff Skjørestad
Sverre Hellestø Torland
Theo Ognedal
Torje Frøyland
Ådne Thingbø-Støldal

# DET ER HÅP I EIN DROPE VATN




## FASTEAKSJONEN 06.-08. APRIL 2025

Eit håp kan byrje med ein drope vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom, krig og konflikt. Bli med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det mest. Støtta frå deg reddar liv.

**Vipps** til **2426**

www.fasteaksjonen.no

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

# Fasteaksjonen gjev grønt håp midt i tørka

**Takk vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, der mange millionar kroner blir samla inn i kyrkjelydane i Noreg kvart år, kan Kirkens Nødhjelp bidra til at fleire får tilgang til vatn og kan skaffe seg mat og eit levebrød.**

**Tekst**: Åsne Gullikstad **Foto**: Håvard Bjelland

Avlingar har kollapsa over heile Zambia i den verste tørka på 20 år. Men det finst unntak: I eit av dei verst råka områda har dei greidd å dyrke mat gjennom heile tørka.

«Kom og sjå», syng Catherine Mweemba (63) høgt medan ho dansar på åkeren, midt blant ei gruppe kvinner som står bøygd over jorda og hakkar. Ansiktet til Catherine sprekk opp i eit stort smil.
Dei andre kvinnene syng tilbake: «Kom og sjå kva vi dyrkar her! Kom og sjå at vi plantar, kom og sjå at vi vatnar, kom og sjå kva vi haustar!».

Catherine Mweemba kjem hit tre gongar i veka for å dyrke grønsaker.
I denne grønsakhagen blir det dyrka mais, tomatar, kål og belgfrukta okra. Vi er i distriktet Gwembe, sør i Zambia. Rett utanfor den irrgrøne oasen er bakken brun og knusktørr. Dei fleste tre og plantar er tørka inn. Elveleie og bekkar er utan vatn.

Det har vore tørke i heile 2024 i store delar av det sørlege Afrika. Zambia er eit av dei hardast råka landa. Regntida i slutten av 2023 varte berre i tre veker, medan det normalt kan regne i fleire månader.



*Catherine Mweemba (63) og dei andre deltakarane er no i stand til å dyrke mat, sjølv om det er tørke. Dei har fått tilgang til vatn og har lært å dyrke ved hjelp av dryppirrigasjon.*

## GRØNT UNDER TØRKA

– Mange har ikkje hausta noko i det heile i løpet av det siste året, fordi det ikkje har regna. Så det er mykje svolt i dette distriktet, fortel Caroline Mwewa frå ADRA, ein partnarorganisasjon som Kirkens Nødhjelp samarbeider med her.
Men kvinnene vi møter her, har klart å dyrke mat medan andre avlingar har kollapsa.
– Her viser vi måtar å dyrke på som er berekraftige og som faktisk verkar, sjølv i situasjonar som tørke, fortel Mwewa.
Dei som bur i området, kan kome hit og lære å dyrke grønsaker med såkalla dryppirrigasjon. Kirkens Nødhjelp og partnarorganisasjonen vår har sørgd for vatn. Ei solcelledriven vasspumpe pumpar vatn frå eit borehol opp til to store vasstankar. Derfrå blir vatnet ført ut gjennom slangar med små hol, så vatnet dryp i jorda akkurat der plantane er. Denne metoden krev ikkje så mykje vatn.

– Som regel har folk berre venta på regntida, og så venta til neste regntid året etter med å så. Men ein kan dyrke heile året, så lenge ein har tilgang til vatn. Det greier mange no, utan å vere avhengig av regnet, seier ho.
Dei som er med, kan òg selje grønsaker, og dei deler inntektene. Ein vasstasjon er òg sett opp, slik at folk kan hente vatn til eige forbruk der. Mange har òg byrja med dryppirrigasjon i sine eigne grønsakhagar heime.



*– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel Winnie Milambo, her med dottera Tendai Mwela (åtte månader).*

## HAR FÅTT INNTEKT

Winnie Milambo har dottera på åtte månader i eit sjal på ryggen medan ho haustar mais. Winnie er gift og har seks barn. To gongar i veka kjem ho hit. Ho har òg ein grønsakhage heime, der ho har planta mais.
– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel ho.

For inntektene har ho kjøpt to geiter.
– Når eg får endå fleire geiter, kan eg selje nokre og tene meir pengar. Pengane eg tener går òg til skolepengar for barna mine, og til å kjøpe mat. Det har betydd ei stor endring for meg.



*Det har vore tørke i Zambia og store delar av det sørlege Afrika sidan starten av 2024. Her ei uttørka elv i Gwembe.*

# STERK OG STØDIG



**Frøyland og Orstad kyrkjelyd har starta opp «Sterk og stødig» i kafeen i underetasjen i kyrkja. Målgruppa er oss over 60, men er du heime på dagtid er du velkommen til å bli med på ei treningsøkt leda av fysioterapeut Kristoffer.**

Det er torsdager fra kl 11.00 - 12.30. Det er trening første halvtime. Neste timen sosialt treff, lunsj med mat for kropp og sjel. Me legg opp til å møtes kvar torsdag fram til påske i første omgang - så tar me ei evaluering om dette var noko som traff i bygda.

Me har lagt oss på min kr 50 pr. gong pr person for profesjonell trener og lunsj.

Me har vore i gang sidan 16 januar og har gjennomført 2 samlinger når eg skriv dette. Deltakarane har gitt bare gode tilbakemeldinger. Me har hatt god oppslutning begge dagane.

Lunsjen startar med eit ord fra Bibelen og i dag song me bordverset fleirstemt.
Drøsen går lett og nye kontakter blir knytta.

Velkommen til deg og!

Karl Hetland og Unni Sirevåg Lende



*Frå venstre: Håvard Ek, Karl Hetland, Kjell Stokdal*



# SALMER I ADVENT

## – MARKERING AV DEPORTASJONSDAGEN 1942.


2 musikere


Deportasjonen


Medsongarar

Søndag 24. november 2024 var Bore kyrkje farga lilla. Gjennom hausten hadde medsongargruppa i Bore planlagt salmekveld denne ettermiddagen, og tema skulle vere salmar i advent.
I starten av november, sende Bispemøtet i Den norske kyrkja ut ei oppfordring til alle kyrkjelydar i landet om å markere deportasjonsdagen for norske jødar i 1942. Det passa godt inn i arrangementet vårt, som allereie inneheldt ein salme skriven rett i etterkant av Krystallnatta i 1938. I rapporten «Den norske kyrkja i møte med jødedom og jødar», som kom i år, var dette ei klar tilråding som Bispemøtet valde å sende ut. Kyrkja protesterte på jødeforfølgjinga under krigen med det såkalla «Hebreerbrevet» som blei lese opp i kyrkjene fire dagar før deportasjonsdagen i 1942, men det var for seint. Biskop Alex Johnson sa fleire gonger etter krigen: «Kirken gjorde ikke nok for å hjelpe jødene».

Etter at vi hadde sunge salmane, spelte Naho Nayuki musikk frå filmen «Schindlers liste», Andrine Kallåk Homme las ei skildring av kva som hende 26. november 1942 og alle jødiske ofre frå Rogaland fekk namnet lese opp. Det opplevdest som ei stund med stort alvor og ettertanke. Til slutt fekk me høyra Nayuki spele eit anna stykke frå «Schindlers liste».

Tekst: Ola Ohm og Elin Anita Garpestad.
Bilete: Elin Anita Garpestad

---


Diakoni er kykja si omsorgs-teneste

# Kjære deg som bur i Klepp.

Då er tida mi som diakon i Klepp til ende. Det var ikkje tanken at eg skulle slutte no, men nokon gonger tek livet ein sving som me ikkje ser før me står der. Så sjølv om du kan snakke med meg om historia mi, tek me ikkje noko om den her. OG for å sleppe usikkerhet; Klepp vil alltid vera ein del av meg og de vil fortsatt sjå meg innom her. Her er min barndomsheim og her har eg fortsatt familie, kollegaer og vener.

Så når eg no avsluttar som diakon her i heimgrenda mi har eg så uendeleg mykje å vera takknemleg for. TAKK til kvar og ein av dykk eg har møtt. Det er ikkje få menneske det, i Loen, på Jærhagen, i heimane, på matbutikkane, i kyrkjene, på gravplassen og elles. TAKK til kvar og ein av dykk som har opna opp og teke imot ein samtale i forbindelse med dødsfall og utfordringar elles i livet. Takk for at du opna opp og delte litt frå livet ditt - ingen skal trenge å gå åleine i motbakkane. TAKK til deg som har sagt ja eller hjelpt meg med praktiske ting i jobben min som diakon - saman blir me alltid sterkare og meir. Takk til deg som jevnleg har stått på og vore med å jobba som frivillig saman med meg – utan dugnad og frivilligheit vil ikkje samfunnet vårt vera det same som no. Takk til deg som har turd å kome med oppmuntringar, gode ord og konstruktive tilbakemeldingar – det gjer godt i ein arbeidskvardag. Og takk til deg som saman med meg fortsett vil vera open om livet og det som me opplever, og som tørr å snakke når livet går i motbakke.

Eg vil seia ein stor takk til alle de som eg har samarbeida med innad i kommunal sektor. Takk for læring, utvikling, samarbeid og fine stunder saman. Så vil eg takke staben min som eg har jobba tettast med, staben i Klepp kyrkje. Takk for meiningsutvekslingar, oppmuntringar, samtaler, samarbeid, tårer og latter.

Nokon har ein gong sagt at når ei dør lukkes, så opnes der alltid ei ny dør. For nokon kan det kjennast sant, for andre kan det kjennast ut som det er eit lite vindu som blir opna. Uansett, både for meg og deg, det finnes ei løysing, sjølv om me ikkje alltid veit kva, når og kor. Så skal då eg fortsetja, og håpar at du og vil det, å leva eit opent liv og seie ja til og ta imot det som kjem vidare. Takk for no, Klepp.

Frå diakon, Ingelin Hatteland Norbakken

# Nytt frå kyrkjeverja!

**Tilbakeblikk:**

Det har vore hektiske månader med skulegudstenester, besøk i barnehagar, ei mengd adventsarrangement og sjølvsagt gudstenester i jula, men du verden så mykje å glede seg over! For eit korps av tilsette og frivillige! For eit engasjement for både store og små! Mest av alt synest eg det er fornøyeleg å sjå og høyre korleis den gode bodskapen om Guds nærvær i det verkelege livet i vår tid blir formidla på kreative og mangfaldige måtar frå smågrupper til store arrangement.

Jøye meg, for å bruke eit lokalt uttrykk, for ei manifestasjon av kor stor Gud er frå evigheit til evigheit, og samstundes så «liten» at han kan bu i ditt og mitt hjarte! Takk til alle tilsette og frivillige!

**Tida framover:**

Det hender eg stiller meg spørsmålet: «Om vi fyrst skal vere ambisiøse, kvifor må ambisjonane vere små?» Har vi grunn til å vere beskjedne og forsiktige i kyrkjas arbeid? Nei, la oss leggje bort små ambisjonar og finne fram dei store.

Det er nok naud, einsamheit, sjukdom, utanforskap til oss alle, og kvar einaste ein av oss er Guds hender, føter, hovud og hjarte i notida. Sagt med andre ord: Du er verdifull, viktig og nødvendig i kyrkja sitt arbeid. Har du motivasjon, overskot og litt ledig tid, så trengst du no, meir enn nokon gong! Snakk med oss. Ta gjerne kontakt, og bli ikkje overraska om du blir utfordra. Noko av det beste i livet er å bli verdsett og bekrefta, og i kyrkja er det store moglegheiter for meiningsfylt arbeid og innsats saman med andre.

Vi kan ikkje planleggje med større bemanning i kyrkja framover, sjølv om oppgåvene blir fleire og behovet for kyrkjas nærvær større.

**Økonomi:**

Vi nærmar oss årsavslutninga på fjorårets rekneskap og ser at vi klarar å lande med litt overskot også i år. Dette skuldast delvis at vi har hatt litt sjukefråvær og litt vakanse i enkelte stillingar, samt at nokre prosjekt har blitt flytta litt fram i tid. Dette gir oss også rom til å få henta inn litt etterslep på nokre vedlikehaldsoppgåver.

No skal vi utarbeide budsjett for dette året, og kraftige auke i pensjonskostnadene bekymrar. Vi har hatt ein god dialog og samarbeid med både politikarar og administrasjonen i kommunen om situasjonen og trur vi skal klare å lande på eit forsvarleg budsjett også dette året.

På same måte som det vil trengjast fleire frivillige medarbeidarar i det daglege arbeidet, vil vi bli langt meir avhengige av innsamla midlar og gåver til kyrkjelydane sitt arbeid framover. Dette blir nok ei av dei største utfordringane vi står overfor.

**Personal:**

Anette Dagfinrud Thorset har takka ja til stillinga som menighetspedagog i Bore og vi ynskjer henne lukke til! Anette forlet same stilling i Klepp, og vi lysar difor ut etter ny kyrkjelydspedagog i Klepp. Det siste året har vi også hatt vikarar i stillingane som diakon, kateket og kyrkjelydsarbeidar i Klepp, og alle lysast no ut for å få ei meir varig og stabil bemanning i kyrkjelyden. I Frøyland og Orstad arbeider dei med å finne løysingar på bemanninga når tilsette skal ha permisjonar i tida framover. Vidare arbeider bispedømmet med rekruttering av prest i Orre og fellesrådet med ei løysing på dagleg leiing i Orre i samband med dette. Vi er difor i ei spennande og utfordrande tid.

Arvid Kaspersen, kyrkjeverje Klepp

# Pilegrimsvandringar på Jæren i 2025

## 2. påskedag. 21. april
Vandring frå Sola Ruinkyrkje til Stavanger Domkyrkje, der me blir med på påskegudstjeneste kl 18:00
Oppmøte: Sola Ruinkyrkje kl 13:00
Ta med mat og drikke.

## 2. Pinsedag. 9. juni
Vandring frå Bryne kyrkje og frå Klepp kyrkje til Krosshaug der me blir med på friluftsgudstjeneste.
Oppmøte Klepp kyrkje eller Bryne kyrkje kl. 10:00
Ta med mat og drikke.

## Søndag 15. juni
Vandring frå Egersund kyrkje til Ogna kyrkje som er første etappe på Kystpilegrimsleia. Avslutning av vandringa i Ogna kyrkje ved ankomst, ca kl 18:0.
Oppmøte Egersund kyrkje kl 10:30
Ta med mat og drikke.

## St. Hans aften 23. juni
Vandring frå Orre friluftshus til Orre gamle kyrkje der me blir med på Gudstenesta kl 19:00. Etter gudstenesta vandrar me tilbake til Orre friluftshus der det blir grilling.
Oppmøte Orre friluftshus kl 17:30
Ta med grillmat.

## Olsok 29. juli
Vandring frå Obrestad havn, 1000-års plassen til Varhaug gamle kyrkjegard, der me deltek på friluftsgudstenesta kl 19:00
Oppmøte: Obrestad havn, 1000-årsplassen kl 16:00
Ta med mat og drikke.

## Søndag 7. September
Vandring frå Kyllingstad til Gjesdal kyrkje
Oppmøte Kyllingstad (sør for Ålgård) kl 14:00
Ta med mat og drikke.

## Søndag 5. oktober
Vandring på Prestavegen til Ogna kyrkje
Me vandrar frå Holmane gamle skolehus, via Vatnamot til Ogna kyrkje.
Oppmøte Ogna kyrkje kl 14:00.
Ta med mat og drikke.

## Pilegrimskveld 9. mars i Bryne kyrkje kl: 19:00
Trond Muri har vandra frå Oslo til Betlehem, etter inspirasjon frå boka.
«Julemysteriet» av Jostein Gaarder
Trond Muri fortel frå denne turen.
Tema for kvelden: «Frå Steen&Strøm til Betlehem»
Musikkinnslag på olin av Lars Ole Bergersen
Velkommen

# Nytt fra plankomiteen

Nå begynner det å vise igjen på byggeplassen at betongveggene på kirken tar form.

Kommunen rapporterer at framdriften følger planen med milepel for tett bygg for kirken og storsalen før sommeren 2025.

Fredag 24.januar var representanter fra kommunen og kirken på en befaring på byggeplassen og fikk en gjennomgang av arbeidet og videre planer og framdrift. Av detaljer som gjenstår helt å avklare er noe utforming i forbindelse med plassen til orgel, og en avklaring om utforming av skyvedører inn til aktivitetssalen.

Anbud for lyd og lys og møblering skal inngås i første kvartal for hele prosjektet inklusive kirkens ungdoms sal i kjelleren på kommunehuset.

Det ble opplyst om at aktivitetsparken skal være klar til sommeren, og da vil en få et mye bedre inntrykk av hele området med kommunehus og kirke som en sentral plass i Klepp sentrum. Vi ser fram til det videre arbeidet med et spennende byggeprosjekt.

Leif Solberg




# Deg vi lovsynger, ærer

*av Ola Sotnakk*

### 151 Deg vi lovsynger, ærer

Mellom festdagane i kyrkjeåret finn me palmesundag, som innleiing til påska. Jesu inntog i Jerusalem er ei hendig som det er skrive fleire salmar om, og som har eige avsnitt i Norsk salmebok.

Musikkpedagogen og kordirigenten Jens Øystein Årva frå Røros er den som står for den norske omsetjinga av teksten i denne salmen. Han verka ved Elverum lærarhøgskule og var dirigent for Collegium Vocale på Hamar. Han redigerte dessutan hefta «Vi synger i kor» av Carl-Bertil Agnestig («Diskanten» på svensk).

Teksten Årva omsette er skriven av svenske Anders Frostenson. Frostenson var prest og forfattar. Ved sida av prestegjerninga, skipa han «Hymnologiska institutet». Han har skrive eit betydeleg tal salmar, og er representert med fleire av desse i Norsk salmebok. Akkurat denne teksten er i flg. Den svenska psalmboken «efter Theodulf av Orléans ca. 820». Theodulf var fødd i Spania, og var biskop i Orléans i Frankerriket (dagens Frankrike). Han var viktig under dei kyrkjelege reformane Karl den store (som var konge over frankerane, kjend som Charlemagne) sette i verk, men då sonen Ludvig den fromme overtok trona, vart Theodulf avsett og fengsla. Medan han sat i fengsel, skreiv han fleire salmar og dikt. Mellom desse finn me «Gloria, laus et honor», som er utgangspunktet for Frostenson sin tekst.



Teksten til Theodulf er skriven som ein prosesjonshymne for palmesundag, og vart for øvrig svært populær og fekk stor utbreiing i den engelsk omsetjinga av John Mason Neale: «All glory, laud and honour». Men Frostensons tekst er altså ikkje ei omsetjing, men meir ei gjendikting med originalteksten som inspirasjon.

Melodien er skriven av den svenske musikkpedagogen, korleiaren og komponisten Carl-Bertil Agnestig i 1975 (det er sannsynleg at teksten óg skriv seg frå same år, sjølv om det i Norsk salmebok står at den er skriven i 1980). Salmen vart utgjeven i 1981 i «Diskanten» korhefte 4.
Agnestig er best kjend som forfattar av metodeverk for instrumentopplæring: På svensk: «Vi spelar piano», «Vi spelar fiol», «Vi spelar flöjt», m.fl. (Underteikna tok fatt på si musikalske danning med hefta «Vi spiller piano».) Han har dessutan utgjeve ei rekkje eigne melodiar berekna for barnekor.

151 Deg vi lovsynger, ærer
Deg vi lovsynger, ærer,
Jesus, de fattiges konge.
Hosianna vi nå
synger som barna en gang.
Du er ventet av alle,
du er vår bror, du er Herren,
ingen var eller er
elsket, velsignet som du.
Der du rir på et esel
legger man klær og strør palmer.
Rundt omkring høres rop,
gatene fylles av sang.
Trærne, stenene jubler,
jorden og himlen deg priser.
Engler synger med oss:
Du er vår glede og fred.
Går mot lidelsen, døden,
går mot oppstandelseslyset
hjem til Gud, og hos Gud
ber du bestandig for oss.
Deg vi lovsynger, ærre,
Jesus, de fattiges konge.
Hosianna vi nå
synger som barna en gang.

Dig vi lovsjunger, ärar
Dig vi lovsjunger, ärar,
Jesus, de fattigas konung.
Hosianna vi nu
sjunger som barnen en gång.
Du är väntad av alla,
du är vår Herre och broder,
ingen varit och är
älskad, välsignad som du.
Där du rider på gatan
lägger man kläder, strör palmer
Runt omkring dig hörs rop,
stadens och gatornas sång.
Träden, stenarna sjunger,
jorden och himlen dig prisar.
Änglar sjunger med oss:
Du är vår glädje och frid.
Går mot lidandet, döden,
går mot uppståndelsen, ljuset,
hem till Gud, och hos Gud
beder du alltid för oss.
Dig vi lovsjunger, ärar,
Jesus de fattigas konung.
Hosianna vi nu
sjunger som barnen en gång.

Gloria, laus et honor
Omkved:
Gloria, laus et honor tibi sit, / Rex Christe Redemptor: / Cui puerile decus / prompsit Hosanna pium.
1Israel es tu Rex, Davidis et inclita proles: / Nomine qui in Domini, / Rex benedicte, venis.
Omkved
2Coetus in excelsis / te laudat cælicus omnis: / Et mortalis homo / et cuncta creata simul.
Omkved
3Plebs Hebræa tibi / cum palmis obvia venit: / Cum prece, voto, hymnis, / adsumus ecce tibi.
Omkved
4Hi tibi passuro / solvebant munia laudis: / nos tibi regnanti / pangimus ecce melos.
Omkved

5Hi placuere tibi, / placeat devotio nostra: / Rex bone, Rex clemens, / cui bona cuncta placent.
Omkved

Norsk omsetjing av den latinske teksten
Omkved:
Lov, pris og ære være deg, Kristus, vår Konge og Frelser, / du som ble hyldet av barn med et fromt Hosanna.
1Israels konge er du og Davids navnkundige ætling, / du som kommer i Herrens navn, velsignede Konge.
Omkved
2Alle himmelens hærskarer priser ditt navn i det høye, / og på jorden mennesket sammen med alt du har skapt.
Omkved
3Hebreernes folk gikk deg i møte med palmer. / Nå er det vi som kommer med bønner, løfter og sang.
Omkved
4De gav deg heder og hyldest den gang du gikk opp for å lide. / Nå da du hersker som konge, synger vi hymner og kvad.
Omkved
5Dem tok du nådig imot: ta også imot vår pris! / Gode Konge og milde hersker, deg gleder alt som er godt.
Omkved

## Stiftelsen Klepp nye kyrkje inviterer til *Vårfest*

**Lørdag 5. april kl. 11.00-14.00:**
Loppemarknad på Stasjonsbygget, Klepp stasjon

**Sundag 6. april kl.19.00:**
Kulturkveld med Eyvind Skeie og kammerkoret Con Brio.

Gratis inngang.
Kollekt til Stiftelsen Klepp nye kyrkje

*Velkommen!*



DEN NORSKE KYRKJA
Klepp kyrkjelyd

---

# Kontingent Menighetsbladet.

Menighetsbladet for Bore, Frøyland og Orstad, Orre og Klepp er eit fulldistribusjonsmagasin som vert delt ut i alle postkassar.

Magasinet er finansiert ved annonsørar og frivillig kontingent/gåver frå lesarane.
**Frå 2025 vil det ikkje bli lagt ved blankettar i bladet.**

Nå kan du nytta

vipps **810948**

eller

**kontonummer: 3290 07 02239**

***TAKK FOR STØTTA!***

# Gudstenester

## Klepp Kyrkje

*(Alle gudstenester startar kl 11.00 der anna ikkje er oppført)*

**02.03.**
Gudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen.

**09.03.**
Gudsteneste med nattverd. Just Salvesen.

**16.03.**
Temagudsteneste med nattverd. Just Salvesen.

**23.03.**
Generasjonsgudsteneste med dåp. Just Salvesen.

**30.03.**
Gudsteneste med dåp og nattverd. Andreas Haarr.

**06.04.**
Gudsteneste med konfirmant-quiz. Just Salvesen.

**13.04.**
Gudsteneste med dåp. Palmesøndag. Andreas Haarr.

**17.04. kl. 19.00**
